

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	9. juni 2015	frå kl 18.30 - til 21.30
Sak frå : 42/ 2015 Sak til: 51/ 2015		<u>Møtestad:</u> Herdla kyrkjelydshus
Frammøtte: 4 av 6 medlemmer, 1 vara		

Til stades

Medlemer:Karen Skråmestø, Jonas Bratli, Kjellaug Fauskanger Eidsaa. Kjell Berland
Astrid Marie Haugland**Varamedlem:**

Nina Osberg Fauskanger

Meldte forfall: Helge Heggernes.

Administrasjonen:

Kantor Hermund Rebnord kunne ikkje møte.

Andre frammøtte:

Underskrifter:

.....
.....
.....

42/2015 Møteprotokoll frå møte 12.mai vart godkjent.**Sakliste:****Sak nr./år:****43/2015:** Meldingar. Ingen.**44/2015 Gudstjenester.**

14.06: kl.11.00 - Gudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp, Offer til YA på Fauskanger bedehus.

28.06: kl.11.00 -- Gudsteneste v/Kirsten Lind. Offer til eige arbeid. Nattverd.

19.07: kl.11.00 -- Gudsteneste v/Michael Møgster. Offer til Kirkens bymisjon. Dåp. Nattverd,

02.08: kl.11.00 -- Gudsteneste v/Liv Langmoen. Offer til eige arbeid. Nattverd.

16.08: kl.11.00 -- Gudsteneste v/Peter Johansen. Offer til Misjonshøgskolen. Dåp. Nattverd.

30.08: kl.11.00 -- Gudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer til eige arbeid.

45/2015 Veivalg.

Sidan kantoren ikkje kunne møte, gjekk vi gjennom planen, og Astrid Marie tek tilbake det vi ønska å endre. Dette gjeld revisjon av lokal gudstenesteordning. Blir sendt til biskopen.

46/2015 Open kyrkje sommaren 2015.

Kjellaug lagar klar planen og sender den ut til dei som skal ha vakt.

47/2015 Plan for kyrkjekaffi hausten 2015.

Kjellaug lagar klar planen slik at den er klar til hausten.

48/2015 Evaluering av pinsa 2015.

Ei fin gudsteneste.

Sjølv om veret ikkje var av det beste slaget, var det plass til alle som ville ha middag inne i kyrkjelydshuset etterpå.

Kjekt at vi har dette felles arrangementet for dei fem kyrkjelydane på Askøy.

49/2015 Gudstenestene sommaren 2015.

Det blir berre ei gudsteneste i juli, elles blir det to i august.

50/2015 Soknerådvalg 2015.

Kjell ordnar med to personar til å sitje vakt på Træet skule på valgdagen.

Kjellaug spør Helene Fauskanger og Gunnveig Fauskanger om å sitje vakt på Fauskanger barne - og ungdomsskole.

51/2015 Evt.

Vi undersøker om alle salmebøkene er betalte. 60 bøker + 10 med stor skrift.

Neste møte vert tirsdag 1.september 2015.

Lille Fauskanger 10.juli 2015

Kjellaug Fauskanger Eidsaa
referent (sign)